

Alf Kvalheim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2348 - 17/8658

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
16.03.2017

Svar - Vedk fart i byggjefelt

Viser til e-post mottatt av postmottak 26.02.2017.

Alle byggjefelt har ikkje 30-sone, men i dei felt kor det er vedtak om 30-sone tyder det at fartsgrensa er 30 km/t. Eit soneskilt tyder at fartsgrensa gjeld alle vegar innanfor sona. Fartsgrensa vert ikkje oppheva ved neste kryss utan at det er eit skilt som viser oppheving av sona.



Lindås kommune nyttar statistiske berekningar i samband med fartsmåling. Metoden som vert nytta vert kalla 85%-fraktil. Fraktil (persentil) er eit kjent begrep innanfor statistiske berekningar og 85%-fraktilen er den metoden alle som driv med fartsmåling nyttar.

Ei enkel forklaring på **85%-fraktilen** er «**den farten som 85 % av bilistene ikke overskrider**». La oss sei at ein ved fartsmåling får ein 85%-fraktil på 34 km/t. Då vil det sei at 85% av dei bilane som passerer målepunktet har ein fart på under 34 km/t.

Med helsing

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Atle Dingen

Rune Kilen

Mottakrarar:

Alf Kvalheim